

---

**Fra:** Roald Kvingedal <Roald.Kvingedal@masfjorden.kommune.no>  
**Sendt:** fredag 19. mars 2021 07:25  
**Til:** Liv Oda Dale  
**Emne:** VS: Utlegging av flytebryggje ved Mowi. Saksbehandling av planleggjande firma Marina Solution AS Ørsta  
**Vedlegg:** nabovarsel 2 Jarle.docx

Legg på saka, om søknad til flytebrygge, Mowi på Kvingo

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Jarle Rønhovd <[jarleronhovd@gmail.com](mailto:jarleronhovd@gmail.com)>

Sendt: torsdag 18. mars 2021 21:11

Til: Karstein Totland <[Karstein.Totland@masfjorden.kommune.no](mailto:Karstein.Totland@masfjorden.kommune.no)>; Roald Kvingedal <[Roald.Kvingedal@masfjorden.kommune.no](mailto:Roald.Kvingedal@masfjorden.kommune.no)>

Emne: Utlegging av flytebryggje ved Mowi. Saksbehandling av planleggjande firma Marina Solution AS Ørsta

Marina Solution behandlar på vegne av Mowi, Kvingo, eit forslag om å leggje ut ei vinkelflytebryggje i Åbakkavika som vil kunne blokkere inntil 2/3 av vika.

Det har vore problem med sein post til fleire av oppsitjarane kring Åbakkavika - sjølv mottok eg rekommandert nabovarsel først den 12. Sidan dette er ei viktig sak, skreiv eg merknad til forslaget same dag og sende til Marina Solution, med kopi til Masfjorden Kommune og statsforvaltaren i Vestland, og fekk melding frå begge instansar om at sendinga mi var mottatt. No kan eg ikkje sjå av postlista til kommunen at mine merknader er registrert pr d.d. Eg tillit meg derfor å sende merknaden min som vedlegg til denne sendinga, og ber om at den blir vurdert under saksbehandlinga hos kommunen.

Eg har forstått på fleire naboar at Marina Solution berre har behandla nokre få merknader, og at dei er kategorisk avviste. Det fortel vel ein del om Marina Solution som seriøst firma, når dei vel ein slik framgangsmåte i ei sak som både engasjerer og opprører oppsitjarane. Eg ber derfor om at kommunen ser på denne saka med uhilda augo, både når det gjeld dei merknadene som er komne inn, og den måten Marina Solution har valt å gå fram på.

Med vennleg helsing

Jarle Rønhovd, Gnr 36, Bnr 30, Kvingo